



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1294 - 17/19733

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
29.06.2017

Oversending av søknad til uttale - gbnr 139/4 Tveiten nedre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund og dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8 for oppføring av naust med tilkomst i naturstein, oppføring av ny bryggje samt riving av eksisterande anneks og oppføring av nytt anneks.. Eigedomen har namnet Kvamsholmen. Det er Arkoconsult på vegne av heimelshavar, Eirik Sørensen, som fremjar dispensasjonen.


I følgje matrikkelen er gbnr 142/18 godkjent etablert i 1845. Eigedomen er på ca. 20 mål.

Det opplyst om at det vart fatta vedtak i PMU den 13.10.2010 om avslag på søknad om dispensasjon for utlegging av flytebryggje til fritidsbustad gbnr 139/4 Tveiten nedre, vår saksreferanse 2009/2197.

Planstatus


Eigedomen ligg i område som er omfatta av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund . Området er avsett til LNF-føremål.

Utsnitt av kommunedelplanen Knarvik- Alversund



Tilkomst

Utsnitt grunnkart




Tilkomsten til egedomen skjer via sjø. Dette er den einaste moglege tilkomststvegen for egedomen.

Vatn og avlaup

Tiltaka gjev inga endring til nåverande situasjon.

Andre høve

Vi har sjekka NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi. 2/3 av Kvamsholmen er markert med mørkegrøn farge. Definert som skog – særst høy bonitet (markas evne til å produsere trevirke). Gult er registrert som innmarksbeite.



Vi har sjekka Artsdatabanken. Kvamsholmen er registrert med to grønne trekantar for karplanter i form av Harestarr og lyssiv, marker med grøn trekant, LC livskraftig.

Utsnitt av kart frå Artsdatabanken, markert med grønne trekant for livskraftig



Dispensasjonen er ikkje nabovarsla. Kommunen har gitt fritak for nabovarsling etter pbl. § 21-3 (2) første punktum. Tiltaka ligg på ein holme og vil være lite synleg for naboar og gjenboarar. Tiltaka vil såleis ikkje berøre deira interesser.

Det er mindre manglar med søknaden slik som fullmakt frå heimelshavar og opplysningar om bebygd areal, BYA. Parallelt med høyringsfristen vil kommunen innhenta naudsynt tilleggsdokumentasjon.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - gbnr 139/4 Tveiten nedre

Søknad om dispensasjon

IMG_3807

IMG_3806

IMG_3789 – Kopi

IMG_3788 – Kopi

IMG_3787 – Kopi

IMG_3784

REND ANNEKS

REND NAUST

Gbnr 139_4 Grunnkart matrikkel

Gbnr 139_4 Kommuneplankart oversikt

Gbnr 139_4 Kommuneplankart

Gbnr 139_4 Ortofo 2015

Kopi til:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN

Eirik Sørensen

Vassvikvegen 62

5363

ÅGOTNES

Mottakarar:

Bergen og omland havnevesen

Postboks 6040

5892

BERGEN

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN

Landbruksavdelinga

Planavdelinga